

Fine ferjer i 5500 eksemplar

28.10.2010



Folgefond i 1945

– Dette er nesten litt uverkeleg og heilt fantastisk, seier forfattar og dagleg leiar i Kapabel Forlag AS, Otto Ersland til *HusnesNett* etter at han no kjem med boka «*Dei fine ferjene*» for tredje gang. Medrekna utgjevinga no, er boka trykt i totalt 5500 eksemplar.

«*Dei fine ferjene*» er historia om dei fine ferjene til HSD – sett frå ein reisande sin ståstad. Boka handlar om fartøya slik vi opplevde dei som passasjerar, og om eit stykke viktig lokalhistorie knytta til moderniseringa av vestlandssamfunnet.

– Det er òg historia om kvar ferjene blei av etter at ingen hadde bruk for dei lenger, seier Otto Ersland. Men det er først og fremst ei kjærleikshistorie om ferjene som HSD bygde i tida frå 1938 til 1968, tida som var gullalderen for dei fine ferjene.

Det blir ny-lansering av boka i Odda onsdag 3. november, der forfattaren skal kåsera om dei sagnomsuste ferjene under skipinga av Hardanger Veteranferjelag.

Forfattaren skriv:

– Å veksa opp på 1960-talet var flott. Bilane blei større og finare. I fjernsynet kommenterte Erik Tandberg og Jan P. Jansen romferdene, og Erik Bye song Skomværsvalsen saman med eit mannskor av sjømenn med blazer og kvit hue.

Me hadde berre ein kanal, og alle hadde sett det same kvelden før. Me kunne sitja på den same ferja og snakka om dei same episodane av Jaget eller Krutrøyk. Nesten kvar vår gjennom det meste av 1960-talet kom det ei ny ferje i juni.

Historia om Folgefond er ikkje minst fantastisk.

-Dette er eit svært stort og spennande prosjekt, seier dagleg leiar i Hardanger Fartøyvernsenter, Geir Madsen, til *HusnesNett*. Han ser samtidig for seg at det kan gå både fem og ti år før båten er ferdig restaurert.

Lasteskipet Eide Trader tok om bord den 72 år gamle ferja på Themsen utanfor London på laurdag der ho har fungert som klubblokale for ein engelsk båtforening dei siste tjue åra.

Ferja vart bygd hjå Bergens Mek. Verksted før siste verdskrigen og var den gongen landets største og mest moderne ferje med plass for tjue bilar.

Dei første åra gjekk Folgefonn i rute mellom Kinsarvik, Utneog Kvanndal. Ho trafikkerte også i fleire år i Sunnhordland, frå 1957 i ruta Leirvik – Valevåg – Mosterhamn – Halsnøy – Sunde, og er såleis kjend og kjær i vår kommune. Ho gjekk i trafikk her heilt fram til 1979 då ho vart selt til England.

I desse dagar står ferja trygt og godt om bord i Eide Marine Services sitt lasteskip, som først skal ein tur gjennom Østersjøen til Finland med ei anna last. I månadsskiftet reknar reiarlaget med at båten kjem til Sunnhordland med den gamle HSD-ferja.

–Ferja skal først dokksetjast hjå Dåfjorden Slipp ved Fitjar der dei skal kontrollera og overhalaskroget, seier Geir Madsen i Hardanger Fartøyvernsenter. Etter ei veke eller to skal ho slepast innover Hardangerfjorden til Norheimsund. Den jobben skal gjerast av eit anna gammalt fartøy, slepebåten Kollbjørn.

Av Kristian Hus



Folgefonn på veg frå England i ein lastebåt sist sommar (Foto: Eide Marine Services)